

Børsdalselva framtidig drikkevasskjelde?

19.05.2007



Børsdalselva kan bli framtidig vasskjelde for Uskedalen. Dette biletet er teke mot Børsdalen med det aktuelle sandtakområdet markert med raudt. (Foto og manipulering: Gaute Haugland)

Også Uskedal Vassverk har uttala seg i samband med reguleringsplanen for sandtak og styreformann Hans Reidar Kjærland skriv at Børsdalselva må vurderast som ei framtidig drikkevasskjelde. Styret i vassverket har handsama saka.

Dagens drikkevasskjelde ligg i Eikelva, men den har synt seg å ha for lite vatn i kalde og turre periodar. Vassverket må difor på sikt skaffa ei kjelde som har tilstrekkelig med vassføring til alle tider av året.

Kjærland held fram:

- Vi ser for oss at vi må finna eit alternativ innan 10 år. Det er ikkje så mange alternative elvar i Uskedalen som kan nyttast til drikkevotn og som har tilstrekkelig med vassføring til alle årstider. Ei av elvane som vi må vurdere i framtida vil vera Børsdalselva. Slik vi ser det i dag er dette ei vasskjelde utan forureining når det gjeld tilsig frå bebyggelse og landbruk, Vi kan ikkje sjå at dette vil endra seg stort i framtida heller. I denne forbindelse ber vi om at det blir teke omsyn til at det kan leggjast fram trase for vassleidning til elva når det no skal utarbeidast reguleringsplan for området.

Av Ola Matti Mathisen



Eikelva (her er inntaket) held ikkje som vasskjelde på lengere sikt. (Foto: Ola Matti Mathisen)